





Liam sin familie

Sjå på bildet og snakk saman om det de ser:

Kven er med i denne familien? Kva gjer dei på bildet? Kva har dei på seg? Kvar er dei?

Eller les ei lita fortelling om Liam



Liam er tre år og bur saman med mammaene sine Silje og Oda. Mamma Silje har baby i magen som snart kjem ut! Liam er kjempespent. Han ønsker seg så veldig ein littlebror, men det kan også hende det blir ei litleøster.

Når Liam var baby i magen låg han i mamma Oda sin mage, og no er det mamma Silje sin mage som har baby. Liam og babyen har to mammaer og ingen pappa. Det går heilt fint. Liam er jo vant til det, men mange brukar å spørje kven som er Liam sin pappa – sjølv om han ikkje har ein!

For å lage ein baby må ein ha eit slags frø frå ein mann, og så må ein ha ein damemage. Barn som både har mamma og pappa blir oftast laga heime, men når ein berre har mammaer eller pappaer må ein ha litt hjelp. Når Liam blei til fekk mammaene hjelp frå ein snill mann som hadde lagt igjen sånne babyfrø på ein stad der ein kan få hjelp til å lage babyar. Den snille mannen hadde lagt igjen mange nok slike babyfrø til å lage ein baby i mamma Silje sin mage også.

Liam er veldig spent på korleis det blir når babyen kjem. Mamma har fortalt at babyar kan gråte veldig mykje, og at ein må vente ganske lenge før dei kan bygge LEGO. Uansett så blir han storebror og det blir veldig bra!

Snakk saman:

Bruk dette som utgangspunkt for å snakke litt om kor ulike familiar kan vere og kva som kan være fint eller dumt i familiar. Få fram at det viktigaste i alle familiar er at dei vaksne passer på og er glade i barna, og at ein prøver å ha det fint saman i kvardagen.

Ingen har det alltid berre bra. Det er heilt normalt å bli sinte på kvarandre, krangle litt, eller seie ting ein angrar på, men det er viktig å prøve å gjere det godt igjen etterpå. Alle treng å føle seg trygge heime og vere sikre på at dei andre i familien er glade i seg.